**Sameiet Hallbjønn Apartement Stølsgrenda.**
**Protokoll frå sameigarmøtet – 17. mars 2007 kl. 13.00 – 15.00**

Møtestad : Club Hallbjønn Telemark

**Dagsorden:**

1. Registrering av frammøtte og fullmakter.
2. Valg av møteleiar, referent og to møtedeltakarar til å signere protokollen.
3. Styrets årsberetning for 2006.
4. Årsregnskapet for 2006 og revisors melding.
5. Budsjett 2007.
6. Valg av styre.
7. Informasjon om markedsføring av leilighetar. Prisjustering av minstepris ?

1) **Registrering av frammøtte og fullmakter. Godkjenning av innkallinga.**
Av i alt 516 andelsuker var 193 uker representert ved frammøtte eigarar og ved fullmakter - jfr. vedlegg til protokollen. Møteinnkallinga vart godkjent.

2) **Valg av møteleiar, referent og møtedeltakarar til å signere protokollen**
Til møteleiar vart vald Bjørn Erik Vesterås. Til referent vart vald Sigvart Asle Lie (som også er sameigets forretningsførar). Til å signere protokollen i tillegg til møteleiar og referent vart vald Knut Kongsrud og Rune Semb.

3) **Styrets årsberetning.**
Styreformann Bjørn Erik Vesterås las opp styrets årsberetning for 2006. Dei forskjellige avsnitta vart kommentert kort og diverse spørsmål besvart av styrets formann og av forretningsførar. Årsmeldinga vart deretter samrøystes godkjent.

4) **Årsregnskapet for 2006.**
Årsregnskapet vart gjennomgått og kommentert av forretningsførar og revisors melding vart utdelt. Det kom ønskje om å vise vedlikehaldskostnadene spesifisert på innvendig og utvendig vedlikehald. Dette sa forretningsførar at skulle ordnast til neste år. Rekneskapen vart deretter godkjent utan merknader.

5) **Budsjett 2007.**
Forslaget til budsjett vart gjennomgått av forretningsførar. Reparasjon av terrassene er planlagt fullført i år og styret har ønskje om å skifte ut alle dei gamle panelovnane. Serviceavgifta til driftsselskapet er litt redusert i år og med forskjellige endringar på dei andre kostnadselementa utgjer fellesutgiftene også i år kr 1.763,- pr. eigaruke.

6) **Valg av styre.**
Det er nå to år sidan siste styrevalg og ein av styrets medlemmer har i denne perioden solgt sin eigarandel. Av denne grunn ba det sitjande styret om forslag på nye styremedlemer og spurte om det var eigarar som sjølve kunne vere interressert i å ta eit styreverv ein periode. Det kom dessverre ingen forslag. Styrets formann hadde sjølv kontakta Knut Siljuberg (p.t. varamedlem til styret) om han kunne stille som kandidat til

styreverv, noko han svarte positivt på. Han vart derfor foreslått som ny styremedlem etter Stein Nygaard. Som ny varamedlem etter Knut Siljuberg vart foreslått Rune Semb. Det kom ingen andre forslag fram på møtet og dei foreslåtte kandidatane vart deretter valde. Dei to andre i styret samt varamedlem Stein Swanstrøm vart samtidig attvald, og Bjørn Erik Vesterås vart attvald som styreformann.

Det nye styret er nå :

| | | |
|---|---|---|
| Bjørn Erik Vesterås, Bryne | - | Styreformann |
| Trond Johansen, Kristiansand | - | Styremedlem |
| Knut Siljuberg, Stavanger | - | Styremedlem |
| | | |
| Steinar Swanstrøm, Asker | - | Varamedlem |
| Rune Semb, Skien | - | Varamedlem |

7) **Informasjon om salg av ukeandelar til heile eigarseksjoner. Prisjustering av minstepris?**

Forretningsførar orienterte om arbeidet med salgsprosjektet hittil og om grunnen til at den siste leiligheten (nr. 7) ikkje vart seld. Det vart diskutert prinsipp for markedsføring og salg av fleire leil. og om eigarane sjølv kunne administrere salg. Dette såg møtedeltakarane ingen problem med når kontakt med kjøparar/budgjevarar skjedde ved ein eigar som samtidig var representant for dei andre eigarane. Uansett vil det vere opp til kvar enkelt eigar om han/ho vil selge sine andelsuker eller ikkje. Det vart og nevnt at leilighetane kunne markedsførast internt, d.v.s. finne ut om det er eigarar idag som vil overta heile leiligheten ved å kjøpe ut dei andre. Møtet vil derfor be eigarar som kan tenke seg dette ta kontakt med forretningsførar.

Det vart til slutt vedtatt å auke minste anbefalte salgspris pr. leilighet med kr 25.000,- til kr 500.000,-

Bjørn Erik Vesterås
Møteleiar

Rune Semb

Knut Kongsrud

Sigvart Asle Lie, referent

**Deltakarliste - vedlegg til protokoll frå ekstraordinært sameigarmøte på Club Hallbjønn Telemark 17. mars 2007**

Andelseigarar representert på sameigarmøtet :

**Frammøtte eigarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ingvar Aker-Iversen | 3 uker | | |
| Trond Johansen | 3 uker | | |
| Knut Kongsrud | 3 uker | | |
| Sigvart Asle Lie | 5 uker | | |
| Rune Semb | 43 uker | | |
| Svein Olav Olsen | 3 uker | | |
| Inger Helene Madshus | 5 uker | | |
| Rolf Stavnem | 5 uker | | |
| Bjørn Erik Vesterås | 44 uker | Sum | 114 uker |

**Frammøtte v/fullmakt til :**

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Trond Johansen** | | | |
| Reinert Nielsen | 3 uker | Sum | 3 uker |
| | | | |
| **Bjørn Erik Vesterås** | | | |
| Stein E. Ikdahl | 3 uker | | |
| Helge Stalsberg | 4 uker | | |
| Johannes Skeie | 2 uker | | |
| Alf Gunnar Navrud | 1 uke | Sum | 10 uker |
| | | | |
| **Sigvart Asle Lie** | | | |
| Norleiv Austerheim | 6 uker | | |
| Bakke Bruk Mølle, Gjersøe | 3 uker | | |
| Lars T. Uvholt | 3 uker | | |
| Bjødnabeen AS | 6 uker | | |
| Bjørn C. Tvedte | 3 uker | | |
| Svein Låker | 5 uker | | |
| Tom N. Gulbrandsen | 3 uker | | |
| Hans Fladsrud | 3 uker | | |
| Trygve Lund | 3 uker | | |
| Arne Westheim | 3 uker | | |
| Erik Gundersen | 7 uker | | |
| Hans Kr. Harstad | 2 uker | | |
| Terje Lunde | 2 uker | | |
| Terje Stangeland | 5 uker | | |
| Ole Chr. Weydahl | 7 uker | | |
| Magnus Robberstad | 2 uker | | |
| Asbjørn Åsberg | 3 uker | Sum | 66 uker |

**Sum frammøte : 193 uker**